

# Ordning for fleksibel og desentralisert utdanning

## 1. Nærare om ordninga

HK-dir lyser ut 144 millionar kroner til ei ordning for fleksibel og desentralisert utdanning. Fagskular, universitet og høgskular med akkrediterte studietilbod og med offentlig eller statleg driftstilskot kan søke. Studietilbod som mottar støtte gjennom ordninga kan ikkje ta eigenbetaling eller studieavgift frå studentar.

Det kan gis støtte for å utvikle, tilby og drifte studiepoenggivande fleksible studietilbod på alle nivå, både grunnutdanningar og tilbod som er innretta som vidareutdanningar. Prioriterte fagområde er profesjonsutdanningar, teknologi, digitalisering og grønt skifte. Studietilbod som har ei desentralisert organisering med samlingar vil bli prioritert.

Studietilboda kan få midlar til utvikling og-/eller drift i enten to, tre eller fire år. Heile tilskotsbeløpet vil bli utbetalt i 2022.

Søkarinstitusjonane må kunne vise til at dei har tatt omsyn til regionale kompetansebehov og prioriteringar gitt i dei regionale partnerskapa/fylkeskommunanes kompetansestrategiar og planar.

Søkarinstitusjonar kan samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar, studie-senter, relevante aktørar innan offentlig og privat arbeids- og næringsliv og andre organisasjonar.

## 2. Kva kan midlane brukast til?

Midlane kan brukast til:

- Løn og frikjøp for tilsette ved fagskular, universitet, høgskuler og samarbeidspartnarar
- Innkjøp av tenester
- Reisekostnadar
- Utvikling og drift av studietilbod

Midlane kan ikkje brukast til:

- Betydelege investeringar i utstyr
- Reisestipend for studentar

### **3. Krav til eigenfinansiering**

Krav til eigenfinansiering for universitet og høgskular er 30 prosent av totalbudsjettet. Eigenfinansiering kan vere arbeidsinnsats og/eller kontantbidrag. I søknadsskjemaet må det spesifiserast kva søkarinstitusjonen og eventuelle andre samarbeidspartnarar vil bidra med av eigenfinansiering. Det stilles ikkje krav om eigenfinansiering frå fagskulane, ettersom dei har ein annan finansieringsmodell enn universitet og høgskular.

### **4. Søknadskrav**

Midlar tildelast til søknadar som:

- Kan vise til reell etterspurnad etter det planlagde studietilbodet i tråd med lokale, regionale eller nasjonale kompetansebehov og prioriteringar
- Tilbyr alle typar fagskule-, høgskule eller universitetsutdanningar, men dei prioriterte fagområda er profesjonsutdanningar, teknologi, digitalisering og grønt skifte

Det vil bli lagt stor vekt på å sikre ei god geografisk spreiding i dei studietilboda som får støtte.

Om det samla blir søkt om meir midlar enn det HK-dir har til fordeling, blir søknadane prioriterte slik:

1. Tilbod som har ei desentralisert organisering med samlingar
2. Etter fagområde, i denne rekkefølga:
  - A) Prioriterte fagområde (profesjonsutdanningar, teknologi, digitalisering, grønt skifte)
  - B) Andre fagområde

Om det framleis er konkurranse om midlane etter denne prioriteringa, kan søknader få avslag. Dersom det er søknader som står likt etter gjennomført rangering etter gitte prioriteringar og omsynet til geografisk spreiding, vil loddtrekning kunne brukast for å avgjere.

## 5. Korleis søker du?

Søknaden må skrivast på norsk og leverast gjennom HK-dir si søknadsplattform [Espresso](#) innan søknadsfristens utløp. Søknaden må vere komplett ved levering. Søknadar som ikkje er fullstendige, kan bli avvist. Søknadsportalen opnar tysdag 26. april.

Ein søknad skal bestå av:

1. Utfylt søknadsskjema i Espresso, inkludert budsjett
2. Intensjonsavtale med eventuelle eksterne samarbeidspartnarar

Vedlegg skal lastast opp som ei PDF-fil i Espresso.

## 6. Kontraktsinngåing

Når ein søkarinstitusjon får tilsegn om midlar, må han inngå ein kontrakt med HK-dir. Kontrakten gir nærare vilkår for bruken av midlane og partanes rettar og pliktar. Kontrakten må signerast av ein person som har fullmakt til å representere og forplikte institusjonen juridisk ovanfor HK-dir. Inntil bindande kontrakt er inngått, kan HK-dir ta dei nødvendige atterhalda som trengs for å gjere om vedtak om løyving av midlar.

Før kontraktsinngåing med HK-dir skal søkarinstitusjonen og eventuelle eksterne samarbeidspartnarar ha inngått ein intensjonsavtale. Avtalen skal regulere organiseringa av samarbeidet, inkludert rettar og pliktar som partane har overfor kvarandre.

## 7. Rapporteringskrav

**For fagskular:** Institusjonar som får tildelt midlar må levere framdriftsrapport, rekneskap og ein sluttrapport på bruken av midlane. Institusjonane skal rapportere inn data frå utdanningane til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F) i tråd med gjeldande retningslinjer. Det vil også bli gitt resultatbasert utteljing for produserte studiepoeng.

**For universitet- og høgskular:** Institusjonar som får tildelt midlar må levere framdriftsrapport, rekneskap og ein sluttrapport på bruken av midlane. Institusjonane skal rapportere inn data frå utdanningane til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) i tråd med gjeldande retningslinjer. Tilskotet frå HK-dir skal i denne samanhengen ikkje reknast som ekstern finansiering, og det vil bli gitt resultatbasert utteljing for studiepoeng og eventuelt kandidatar tilsvarande som for utdanningar finansiert over institusjonane si rammebevilling. Tilskotet kan også utgjere grunnlag for utteljing i BOA-indikatoren.